

Praktisk informasjon til studentane

Studentar som skal på utveksling bør informerast om følgjande før avreise (anten det er i form av sokjarmøte og/eller epost):

Søknadsprosessen mot samarbeidsuniversitetet

- Gå gjennom søknadsskjemaet og gjer greie for kva dokument som må leggjast ved søknaden (dette kan vere passfoto, passkopi, dokumentasjon på språkkunnskapar, karakterutskrift, motivasjonsbrev, akademisk referanse, etc.).
- Korleis leverer ein søknaden: online eller via sakshandsamar ved UiB? Informer studenten om søknadsfristen ved samarbeidsuniversitetet.
- Opplys om nettadressa til det aktuelle samarbeidsuniversitetet sine nettsider, og tips studenten om at ein på www.uib.no/utvekslingsavtale kan finne studentrapportar frå den aktuelle lærestaden.
- Gje studenten informasjon om bustad, så sant dette er tilgjengeleg frå samarbeidsuniversitetet
- Opplys om semesterdataar – dato for mottak og semesterslutt

Beredskap

- Be studentane om å registrere si utanlandske semesteradresse i Studentweb så snart denne er klar. I tillegg ynskjer me at studentane i Studentweb skriv inn kontaktopplysningar til nærmeste familie. Dette er frivillig, og opplysningane vil ikkje verte brukt av UiB, men overlevert norske myndigheter dersom ein krisesituasjon skulle krevje dette.
- Del ut UiBs beredskapsbrosyre
http://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/beredskapsbrosyre_ny_2015.pdf og tilrå i tillegg å registrere seg hjå norsk UD på www.reiseregistrering.no

Vaksine

- Tilrå å sjå kva Folkehelseinstituttet skriv på sine nettsider om det området studenten skal reise til: www.fhi.no

Forsikring

- Skal studenten opphalde seg i eit EU/EØS-land eller i Sveits bør han/ho skaffe seg eit Europeisk helsetrygdkort frå NAV. Norske statsborgarar som får støtte frå Lånekassen til studieopphold utanfor EU/EØS eller Sveits, får rett til stønad til helsetenester gjennom

- folketrygda. MEN det er begrensa kva denne forsikringa dekker, og det ligg visse vilkår til den – les meir her: <https://helsenorge.no/bo-i-utlandet/studenter-utenfor-eu-eos>
- Ein tilrår i tillegg at studenten kjøper seg ei forsikring for studentar i utlandet.

Visum

- For studier utanfor EU: det er studenten sitt ansvar å skaffe seg studentvisum og skaffe seg oppdatert informasjon om korleis søknadsprosessen går føre seg. Tilrå at studenten tek kontakt med aktuell utanriksstasjon for å forhøyre seg om denne prosessen. Dette bør dei gjere omgåande, då behandlingstida på visumsøknaden kan vere lang. Ein må også rekne med visse kostnader knytt til visumsøknaden.

Førehandsgodkjenning

- Informere om at søknad om dette skal leverast til fakultetet, og gje lenke til søkeradsskjema: <http://www.uib.no/utdanning/om-aa-studere/utveksling/for-og-under-oppahaldet/godkjenning-av-studieoppahald-i-utlandet> Dersom det førekjem endringar i fagsamansetting etter at ein har søkt om førehandsgodkjenning, er det viktig å ta kontakt med studierettleiar ved UiB for å få ei forsikring om at dette er i orden.
- Informere om kor mange fag/antal credits ein må avleggje ved det samarbeidsuniversitetet

Lånekassen

- I tilbodsbrevet frå vertsuniversitetet vil det kome fram kva skulepengebeløpet er.
- Informere om at ein i søknaden til Lånekassen skal leggje ved tilbodsbrevet frå samarbeidsuniversitetet – førehandsgodkjenninga frå UiB treng ikkje leggast ved, då Lånekassen har tilgang til denne gjennom FS, men ein må ha fått svar på søknad om førehandsgodkjenning før ein søker Lånekassen.
- Vise dei til Lånekassens nettsider for informasjon om kor mykje støtte ein kan få ved delstudier i utlandet: <http://lanekassen.no/nb-NO/Stipend-og-lan/Utland/Delstudier/Hvor-mye/>

Semesteravgift og semesterregistrering

- NB! Studentane må hugse å betale semesteravgift og registrere seg ved UiB det semesteret dei er ute.

Sjekkliste for studentar som skal på utveksling via avtaler med UiB: kva må gjerast?

Før endeleg søknad til vertsuniversitetet i utlandet vert levert

- Sjekk at søknaden er korrekt og komplett utfylt
- Kontroller at du har alle vedlegga som trengs

Etter at søknad er levert og før opptaksbrev frå vertsuniversitetet kjem

- Søk om førehandsgodkjenning
- Undersøk reise
- Undersøk og ta eventuelt naudsynte vaksinar
- Undersøk kva som er naudsynt med tanke på ev. visumsøknad

Etter mottak av opptaksbrev frå vertsuniversitetet og førehandsgodkjenning frå UiB

- Returner ev. svarbrev og andre skjema til vertsuniversitetet dersom dei ber om det
- Send søknad til Lånekassen
- Søk om visum
- Bestill reise
- Teikn forsikring for studieopphaldet i utlandet

Før du reiser

- Betal semesteravgift og registrer deg ved UiB for semesteret du skal vere ute
- Skriv inn opplysningar om nærmaste familie i Søknadsweb

Medan du er ute

- Skriv inn opplysningar om semesteradresse i Søknadsweb

Mot slutten av opphaldet/etter at du er kome heim

- Skriv og lever rapport frå utvekslingsopphaldet på www.uib.no/studentrapport
- Søk om endeleg godkjenning av utvekslingsopphaldet når du har fått karakterutskrifta di.